

Definisjonar av fagtermar i NSH III

I parentes etter termen står synonym til oppslagsordet. Parallellformer (også mellom bokmål og nynorsk) er førte opp som eigne oppslag der formene kjem på ulike stader ved alfabetisering. Teiknet ► framom termar inne i forklaringane markerer at den aktuelle termen òg står som eige oppslag, som det kan vere nyttig å jamføre med. Stikkordregisteret side 527 opplyser kvar termene er brukte i denne boka.

Abstandsprache: ►avstandsspråk.

administrativ region: Region som har ein viss sosioøkonomisk eller administrativ funksjon; ►funksjonell region.

affrikat: Konsonant som tar til som ein ►plosiv, men sluttar som ein ►frikativ, på om lag same artikulasjonsstad.

allegorisk: Adj. til subst. allegori: bileteleg framstilling av ei abstrakt førestelling.

analogi: Ei endring der eit ord sluttar å følgje eitt mønster og i staden begynner å følgje eit anna (og oftast sterkare) mønster. Rammer ofte enkeltord, som da det gno. sterke verbet *flá* fekk svak bøyning etter mønster av den svake nå-klassen.

androentrisk: Patriarkalsk, mannsdominert, som føreset at mannen er overordna kvinna, av gr. *andro* 'mann'.

assimilasjon, assimilering: "Likegjering". I sosiologisk samanheng brukt om politiske og kulturelle prosessar som har som mål å utlikne forskjellar mellom ein språkleg/kulturell minoritet og majoritetsbefolkninga i eit samfunn. Stort sett forstått som ein einvegsprosess der minoriteten (assimileringsobjektet) må endre dei kulturelle praksisane og verdiane sine.

assimilasjonspolitik: Politikk frå eit storsamfunn overfor ein minoritet som går ut på at språket og kulturen til minoriteten skal erstattast av språket og kulturen til majoriteten.

augustinar: Medlem av augustinarklosterordenen.

Ausbausprache: ►utbygd språk.

autonym: Språkleg nemning som ei gruppe eller eit folk bruker om seg sjølve (eller det territoriet der dei bur), på ei språkform gruppa ser som si eiga; ►eksonym og ►endonym.

autorisert språkform: Språkform (rettskriving) som er godkjent av det offentlege, dvs. av staten.

avstandsspråk: Språk som må reknast som ulike språk pga. at dei er gjensidig uforståelege; tysk Abstandsprache.

begrep: ►omgrep.

bergenshumanistane: ►humanistane.

danisme: Danskspråkleg innslag i eit anna språk.

dannelse: Det som er prega av det finkulturelle og som legg vekt på symbol og markørar assosiert til ein elite og noko "høgverdig".

danning: Prosessen der ein tileignar seg kunnskapar og innsikter med tanke på å utvikle refleksjon.

definisjonsmakt: Kulturell makt til å kunne prege kva folk legg i og fokuserer ved ►omgrep.

dekanonisering: Å fjerne normstatus; motsett ►kanonisere.

demotisering: At standardspråket tar opp i seg fleire folkelege ord og språkformer, jf. gr. *demos* 'folk'.

den germanske lydforskyvinga (Grimms lov): ►første lydforskyving.

den tyske historiske skolen: ►historismen.

denotasjon: Grunntydninga i eit ord eller ►omgrep.

destandardisering: At standardspråket ikkje dominerer så sterkt på like mange bruksområde som før.

det nasjonalfilologiske paradigmet: ►nasjonalfilologi.

diakron: Som beskriv endring over tid eller i historisk perspektiv. Det motsette er ►synkron.

dialekt: ►Varietet som er geografisk avgrensa, også omtalt som *geolekt*.

dialektkontinuum: Geografisk samanhengande område prega av språkleg variasjon mellom varietetane, med små skilnader mellom nærliggjande område og større skilnader mellom fjerntliggjande.

dialektnivellering: Gradvis utjamning av dialektar.

dialektologi: Læra om dialektar.

diplom: Mellomalderbrev (-dokument). Dei aller fleste er rettslege aktstykke, og dei er sette opp etter faste mønster.

distinksjonsmarkørar: Symbolske markørar som tener som kriterium for sosiokulturelle forskjellar.

dominikanar: Medlem av dominkanarklosterordenen.

doxa: Tru, subjektiv overttyding. Den franske sosiologien Pierre Bourdieu bruker omgrepet for å beskrive dei sidene ved kultur og samfunn som folk tar for gjevne, som dei ikkje stiller spørsmål ved.

eintydighet (bm. *entydighet*): Det at ei (tale)språkleg eining (fonem eller morfem) blir representert på berre éin måte i skrift.

eksonym: Språkleg nemning på ei gruppe eller eit folk (eller territoriet der dei bur) som er gjeve av ei anna gruppe; ►autonym og ►endonym.

empirisme: I filosofien om erfaringslære, læra om at alle påstandar om røyndomen skal ha grunnlag i røynsle, motsett rasjonalismen som ser på tenking og fornuft som dei verkelege kunnskapskjeldene. I historiefaget om ei retning som legg vekt på kjeldenære detaljundersøkingar med brodd mot ideologisert historieskriving og store generaliseringar.

endogami: Den praksisen at ein person kan gifte seg berre med andre individ frå same sosiale – ofte etniske – gruppe.

endonym: Språkleg nemning som ei gruppe eller eit folk bruker om seg sjølve (eller territoriet der dei bur), på ei språkform gruppa ser som si eiga; ►eksonym og ►autonym.

entydighet: ►eintydighet.

essensialisme: Filosofisk grunnposisjon som antar at alle ting har visse kjerneeigenskapar – ein essens – som samla sett utgjer røyndommen. Blir ofte sett på som motsetninga til ►konstruktivismen.

etnisk identitet: Oppfatning av at ein har noko felles med andre pga. felles opphav, kulturarv og historie.

etymologi: (Teori om) opphavet til ord.

evolusjonisme: Vitskapsfilosofisk retning som har som utgangspunkt at det går føre seg ei kontinuerleg utvikling frå det enkle til det meir komplekse. Retninga stod særleg sterkt frå midten av 1800-talet og blir ofte knytt til biologi (Darwins utviklingslære), men har også vore sentral i samfunnsvitenskap.

fastsette normer: Språknormer som er fastsette på formelt vis av eit organ som har myndigheit til det.

folkemål: Språket til dei breie lag av folket; ofte brukt som motsetning til sosiolektane til ein sosial eller kulturell elite; i motsetning til ►høgare talemål.

folkeånd: Omgrep frå nasjonalromantikken om særdrag som skal henge tett saman og vere uttrykk for dei innebygde eigenskapane til ein nasjon.

fonem: Den minste betydningskiljande lydeininga i språket, f.eks. er /p/ og /b/ ulike fonem pga. at /pi:l/ og /bi:l/ har ulik betydning.

fonetikk: (Læra om) dei fysiske og fysiologiske eigenskapane til språklydane.

fonologi: (Læra om) lydsystema i språk.

fornorskingspolitikk: Omgrepet er brukt på to ulike måtar, a) om den ►assimilasjonspolitikken styresmaktene har ført overfor samar, kvenar og andre minoritetar, og b) om den politikken som gjekk ut på å gjere det danske skriftspråket meir norsk, eventuelt erstatte det med eit eige norsk skriftspråk.

fraktal rekursivitet: Ein ►semiotisk prosess der ein opposisjon som er markert gjennom ►ikonisering, fungerer rekursivt (gjentakande), t.d. ved at forhold som gjeld i ein samanheng, blir projisert til ugyltige samanhangar.

framandord (bm. *fremmedord*): ►Lånord som skil seg ut gjennom framand uttale, framande ordelement eller framand skrivemåte.

fransiskanar: Medlem av fransiskanarklosterordenen.

fremmedord: ►framandord.

frikativ: Lyd som blir artikulert ved at luftstraumen frå lungene blir pressa gjennom ei trong opning i artikulasjonskanalen slik at det oppstår høyrande turbulens, f.eks. /f/ og /s/.

frontier: Samfunnsgeografisk omgrep brukt om grenseområde der ofte fleire statsmakter kjempar om kontrollen. Slike grenseområde vil ofte fortone seg som diffuse overgangssonar, utan juridisk bestemte grenselinjer.

funksjonell region: Region som har ein viss sosioøkonomisk eller administrativ funksjon; ►administrativ region.

første lydforstyking: Det at dei ustemte ►plosivane *p, t, k* i indo-europeisk har blitt til ►frikativar *f, þ, x* i germansk, mens dei stemte plosivane *b, d, g* har blitt til ustemte plosivar *p, t, k*, og dei aspirerte plosivane *bh, dh, gh* blei deaspirerte til stemte plosivar *b, d, g*. ►Grimms lov.

føydalisme: Arkaisk samfunnssystem (lensvesen) med under- og overordning og “utleige” av landområde. Systemet førte òg til institusjonaliserte skilje mellom stender, standssamfunn.

germanisme: Innslag (leksikalsk ord eller språktrekk) av germansk, oftast tysk, i andre språk.

globalisering: Det at folk blir opptatt av lokale verdiar og perspektiv samtidig med at globale perspektiv pregar kultur og politikk.

gotisk: Utdøydd austgermansk språk.

Grimms lov (den germanske lydforskyvinga): ►første lydforskyving.

habitus: Tillærte tanke-, åtferds- og smaksmonster.

handfesting: Dokument som er avtale mellom ein ny konge på eine sida og riksrådet som representant for folket på hi sida, jf. ►riksrådskonstitusjonalisme.

Hansaen (Hansaforbundet): Nemning for visse samanslutningar av tyske kjøpmenn med handelsmonopol frå seinmellomalderen til 1700-talet. Den tyske hansaen fekk i Noreg særleg stor innverknad i Bergen.

hegemoni: Dominansforhold der den dominerande har definisjonsmakt og den dominerte i praksis godtar perspektivet og dei kulturelle verdiane til den dominerande.

hermeneutikk: Fortolkingslære.

historiografi: Vitskapen om historieskriving, nærare bestemt den greina innom historievitskapen som skildrar og analyserer historia til historievitskapen.

historisk-nasjonal: Perspektiv som ser det nasjonale som ein historisk tradisjon.

historisme: Teori som hevda at alt menneskeskapt berre kan forståast ut frå historia, at alle kulturprodukt er prega av si tid og at alle periodar er unike. Historismen låg til grunn for vitskaplegginginga av historiefaget frå slutten av 1700-talet med krav om kjeldekritikk og objektivitet; òg kalla den tyske historiske skolen.

hovudform (bm. *hovedform*): Overordna formvariant som kunne brukast overalt, også i lærebøker; blei aktuelt med valfridommen i norske rettskrivingar på 1900-talet.

humanistane: Kulturpersonar og skribentar som var aktive under renessansen, og som la vekt på menneskeverd og tankeevna åt menneska.

høgare talemål (bm. *høgere* eller *høyere talemål*): Sosiolekten eller talemålsvarieteteten som pregar høgare sosiale lag; i motsetning til ►folkemål.

høgtidsspråk (bm. også *høytidsspråk*): Språkvarietet som er brukt først og fremst i formelle og høgtidelege situasjonar.

identitet: Oppfatning av kven ein er, definert av ein sjølv og andre.

identitetsregion: Region definert på grunnlag av den samkjensla innbyggjarane i regionen har med kvarandre. Skil seg frå ►administrativ eller ►funksjonell region ved at den sementerende krafta kjem innanfrå og ikkje er forma av eksterne styresmakter eller autoritetar. Identitetsregionar blir også omtalte som kulturelle regionar, mentale regionar og perseptuelle regionar.

ideologi: Verdisystem, tankesystem, anten definert positivt, negativt eller nøytralt.

ideologisering: At eit (kulturelt) fenomen blir tillagt verdiar og kvalitetar som det ikkje har i seg sjølv.

ikonisering: Det å gjere til ikon, ein ►semiotisk prosess som skaper ei bestemt kopling mellom språkleg kjenneteikn og sosialt bilde, t.d. ved å peike ut/indeksere visse språk eller språkformer som betre eller viktigare enn andre.

importord: Samlenemning for ►framandord og ►lånord.

- indeksikalitet:** Nemning brukt i sosiolingvistik og språkfilosofi; det at visse språk eller visse språklege uttrykk konnoterer noko utanomspråkleg, at det blir etablert ein relasjon mellom eit språkleg teikn og sosial meinig.
- inherent:** Som høyrer saman med noko som ein naturleg og grunnleggjande del, som ein innebygd eigenskap.
- innvandringsteorien:** I dette bandet brukt om teorien i norsk historieforskning i første halvdel av 1800-talet om at Noreg vart folkesett frå nord i førhistorisk tid, ikkje frå sør.
- internalisere:** Å lære (språklege) mønster slik at dei går inn i den automatiserte (språk)prosesseringa – gjerne utan at ein er medveten om det.
- internaliserte normer:** Språknormer som på uformelt vis har danna seg i individet på grunnlag av påverknad frå det sosiale miljøet individet har vakse opp i og/eller lever i.
- IPA (International Phonetic Alphabet):** Lydskrift utvikla i England sist på 1800-talet.
- junggrammatikk:** Språkvitskapleg retning frå 1870-åra som la til grunn at lydutviklinga føregjekk etter lydlover som verka som naturlover.
- kanonisere:** Å gjere til norm.
- kanselli:** Sentralt forvaltningsorgan for staten eller ein institusjon, mellom anna nytta om den norske kongens sentraladministrasjon i mellomalderen.
- karmelitt:** Medlem av karmelittklosterordenen
- kløyvd infinitiv:** Infinitivane er “kløyvde” i to grupper ved at dei har to ulike endingar, i austlandsk *-a* (*eta, vera*) og *-e* (*synge, danse*).
- knote:** Å bruke eller leggje seg etter ein språkvarietet som har prestisje, og som er ein annan enn førstespråket (morsmålet). Blir oftast brukt med negativt innhald.
- kodeks:** Handskriven bok, i gammal tid på pergament, samling av lovar og forordningar; i overført tyding: samling av reglar og normer.
- kodifisering:** Det å fastsette ein skriftnormal i detalj.
- koiné:** Fellesspråk, i utgangspunktet det greske skriftspråket i hellenistisk tid. Blir brukt om dialekt som veks fram i eit nytt samfunn som produkt av ei blanding av fleire dialektar.
- koineisering:** Den språklege endringsprosessen som resulterer i ein koiné
- konnotere:** Å ha sidetyding, motsett konkret og bokstaveleg tyding
- konstruktivisme:** Filosofisk grunnposisjon som har som utgangspunkt at (delar av) røyndommen blir konstituert (konstruert) gjennom sosial praksis og samhandling og ikkje har ein eigentlig essens; ►essensialisme.
- kreoloid(språk):** Blandingsspråk som er eit resultat av intensiv kontakt mellom brukarar av ulike språk der det førekjem visse forenklingsprosessar og blandingsformer, men ikkje like omfattande som for pidgin- og kreolspråk.
- kreolspråk:** Eit blandingspråk som er blitt til i ein kontaktsituasjon der folk med ulike språk har måtta kommunisere med kvarandre, og der det nye kontaktspråket er vidareutvikla frå å vere eit ►pidgin-språk til å bli eit fullt utbygd førstespråk.
- kulturifisering:** At ein gjer språket som kommunikasjonsmiddel til eit kulturelt objekt, dvs. at språket som form blir tillagt verdjar.
- kulturnasjonalisme:** Nasjonalisme som legg vekt på kulturelle fellestrekk og skilnader, oftast nytta i kontrast til politisk nasjonalisme.
- kulturspråk:** Språk som blir sett på som uttrykk for høgverdig kultur der det er innforstått at språkformer formidlar åndelege kvalitetar.

- kvalitet:** Eigenskapar ved språk som gjer det betre eller ringare enn andre. Oftast impliserer ordet 'god kvalitet' eller 'høgverdig kvalitet' og representerer ►distinksjonsmarkørar.
- landsmål:** Eldre nemning for nynorsk.
- lingua franca:** Språk som er felles for folkegrupper som ikkje forstår språka til kvarandre.
- læreboknormal:** Eit utval valfrie former i ei offisiell rettskriving som skulle kunne brukast overalt, også i offentleg godkjente lærebøker for skolen; blei aktuelt i norske rettskrivingar på 1900-talet; ►hovudformer.
- lågtysk** (*plattysk*, (*mellom*)*nedertysk*, bm. også *lavtysk*): Nemning for nordtyske dialektar i nær slekt med nederlandsk og frisisk. Hovudspråket for ►Hansaen i seinmellomalderen.
- lånord:** Ord som er lånt inn frå eit anna språk, men som føyer seg heilt etter strukturen i målspråket; ulikt ►framandord.
- majoritetspråk:** Det språket som blir brukt av majoriteten i eit land, og som også normalt er eit språk knytt til meir makt og prestisje enn ulike ►minoritetsspråk, t.d. norsk i Noreg.
- mental kolonisering:** Internalisert oppfatning og kjensle av å vere underlegen og underordna. Denne kjensla er utvikla gjennom kulturell dominans der språket til den dominererte er opplevd som stigmatisert.
- messeforklaring:** Tekst frå mellomalderen som forklarte innhaldet i den katolske messa som var på latin.
- metaperspektiv:** Eit overordna perspektiv, eit perspektiv som gjer det mogeleg å observere, ikkje berre eit objekt, men også det observerande subjektet og sjølve observasjonsmåten.
- metaspråk:** Språklege utsegner som handlar om språk.
- metaspråklig forandring:** Forandring i bruken av metaspråklege termar, som språknamn.
- metaspråklig terminologi:** Termar som blir brukte i metaspråklege utsegner.
- midlandsmål:** Ei gruppe av dialektar som har dei to særdraga kløyvd infinitiv og delt ho-kjønnsbøyning. Desse dialektane er brukte i dei vestlege fjellbygdene på Austlandet: Vest-Telemark, Numedal, Hallingdal, Valdres og delar av Gudbrandsdalen.
- midlandsnormalen:** Rettskrivingsnormal for nynorsk som var tillaten for skoleelevar i nokre år frå 1901 av, og som bygde på former frå ►midlandsmåla.
- minoritetsspråk:** Språk som blir brukt av individ som tilhøyrer ulike minoritetsgrupper i eit land, t.d. samisk og vietnamesisk i Noreg. Jf. også ►majoritetsspråk.
- morfologi:** (Læra om) korleis ord er bygde opp og blir bøygde i eit språk.
- multietnolektisk stil:** Samling av språklege drag frå fleire lingvistiske nivå henta både frå eit majoritetsspråk og andre språk.
- målform:** Skriftspråksvarietet innanfor eit nasjonalspråk, særleg brukt om bokmål og nynorsk som varietetar innanfor norsk.
- målføre:** ►dialekt.
- målrørsla:** Organisasjonane som har som program å fremje nynorskbruken og/eller påverke forma på nynorsken.
- naboopposisjon:** Teori utvikla av Amund B. Larsen om at skilnaden mellom geografisk nærliggjande dialektar aukar på grunn av ønsket om å halda oppe karakteristiske forskjellar.

- nasjon:** Nemning som kan vise til ei gruppe menneske med felles sosiokulturell identitet (etnisitet), eller det kan også vere ei statsdanning som omfattar ei gruppe med felles identitet, dvs. nasjonalstat.
- nasjonale minoritetsspråk:** Nemning brukt om minoritetsspråk som er definerte som “nasjonale” av land som har ratifisert Europarådets minoritetsspråkskonvensjonar.
- nasjonalfilologi:** Fagtradisjon som i Noreg frå 1840-åra la vekt på studiet av nasjonalmåla med utgangspunkt i filologiske granskingar av eldre kjelder.
- nordgermansk:** Ei av dei tre språkgruppene som skilde seg ut frå fellesgermansk. I dag: norsk, svensk, dansk, islandsk og færøysk.
- norm:** ►språknorm.
- normal:** (Om språk), systematisk oppsett og autoritativ struktur av normer for språkbruken innanfor eit visst språk, ei viss målform eller ei viss rettskriving, t.d. *bokmålsnormalen*, ►læreboknormalen, *2012-rettskrivinga*.
- normalisere:** Å etablere eller bruke standardspråk.
- normalmål:** ►standard(skrift)språk.
- normaltalemål:** ►standardtalemål.
- normering:** ►språknormering.
- norvagisme:** Innslag av særnorske drag i eit anna språk; oftast aktuelt i samband med eldre tekstar på dansk.
- omgrep** (bm. *begrep*): Kunnskaps- eller førestillingseining som er danna gjennom ein unik kombinasjon av kjenneteikn; innhaldssida i eit uttrykk.
- overklassedialekt:** ►høgare talemål.
- palatal:** Lyd uttalt ved at tungeryggen blir heva mot den harde ganen. (Lat. palatum ‘den harde ganen’.)
- paradigme:** Bøyingsmønster, sett av bøyingsformer, også brukt om reglar, retningslinjer i vitskaplege disiplinar.
- pidginspråk:** Språk utvikla i kontaktsituasjonar der folk med ulike språk må kommunisere med kvarandre, f.eks. i samband med handel.
- plosiv:** Lyd som er karakterisert av fullstendig oralt stenge følgt av ein plosjonsfase, t.d. /p, t, k/ og /b, d, g/.
- positivisme:** Empiribasert filosofisk retning som argumenterer for at sansing og erfaring er grunnlaget for all tenking og kunnskap, og som avviser alle former for metafysikk.
- premissmakt:** ►definisjonsmakt.
- preskriberte normer:** Fastsette normer.
- prestisje:** Det som er allment vurdert til å ha høg sosial verdi.
- prestisjehierarki:** Ranging av dialektar etter ►prestisje (sosial verdi).
- prestisjespråk:** ►Språkvarietet som det er knytt allmenn høg ►prestisje (sosial status) til i samfunnet; ulikt omgrepet ►standard(tale)mål.
- primate city:** “Førsteby”. Samfunnsgeografisk omgrep brukt om byar som er heilt dominerande i sin region eller sitt land både i politisk, økonomisk og kulturell forstand.
- purisme:** Å leggje vekt på at språkleg import bør tilpassast strukturen i det heimlege språket og å motarbeide importord (generelt eller frå bestemte språk) innanfor eit visst språk, og å basere utviklinga av ordtilfanget på ordstoff som alt finst i språket eller blir nyskapt av heimlege røter.

- region:** I samfunnsgeografi brukt om eit større geografisk område med hovudsakleg likearta forhold i ein eller annen forstand.
- renessansen:** Tidbolken frå om lag 1400 til siste del av 1500-talet; omgrepet blir mest brukt i kulturell og idéhistorisk samanheng. Frå fransk *renaissance* 'gjenfødning'.
- retroflekering:** Artikulasjonsmåte der tungespissen blir bøygd oppover og bakover i munnen og dannar retrofleksar.
- retrospektiv metode:** Metode der ein trekkjer slutningar om fenomenet i ein tidlegare tidsperiode på grunnlag av kjende opplysningar om dei same fenomenet i seinare tidsperiodar; eigentleg 'tilbakeslutning'.
- rettskriving:** Sett av normer (som utgjer ein \rightarrow normal) for korleis alle ord i skriftspråket skal stavast og bøyast.
- riksmål:** I norsk samanheng brukt om den språkforma som kan vise tradisjon tilbake til dansk-norsken og er prega av argument om stil og kvalitet utvikla innanfor skrifttradisjonen, og argument om at skriftmålet skal ha sjølvstendig status i forhold til talemålet. Nemninga riksmål var i ein kort periode brukt om det offisielt normerte bokmålet, men frå 1929 blei det ei nemning for den konservative varianten av bokmålet. Frå 1950-talet fekk riksmålet eiga uoffisiell normering gjennom Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur.
- riksrådskonstitusjonalisme:** Styringskikk frå høg- og seinmiddelalderen der ein la vekt på at eit riksråd (i praksis samansett av geistlege og adel) representerte folket og forhandla med kongen om vilkåra for at han skulle få overført makta til seg i si levetid.
- samnorsk:** Ein språkplanleggingsstrategi som gjennom tilnærming mellom bokmål og nynorsk til slutt skulle føre til eitt norsk skriftspråk; ei sentral målsetting for offentleg norsk språkpolitikk gjennom mykje av 1900-talet; også brukt negativt om radikalt (nynorsknaert) bokmål av motstandarar av denne politikken.
- samsvarbøying:** Det at eit ord som er syntaktisk underordna eit anna ord, blir bøygd i samsvar med det, t.d. at eit adjektiv får ei bøyingsending som viser samsvar med det substantivet det står til.
- segmentasjon:** Når ein lang konsonant blir splitta i to delar slik at det oppstår ei konsonantgruppe, jf. gno. kalla /kal:a/, som blir til /kadla/ i sørvestlandsk.
- seinmoderniteten** (bm. også *sen-*): Den perioden og samfunnsmentaliteten som pregar tida etter at moderniseringa som følgde andre verdskrigen, var over (f.eks. kring 1970); ein periode prega av materiell overflod, globalisering, urbanisering og stor bruk av massemedium.
- semiotisk:** Adj. til semiotikk = studiet av sosialt baserte teiknsystem og den meininga desse systema skaper.
- senmoderniteten:** \rightarrow seinmoderniteten.
- sideform:** Underordna formvariant som var tillaten for skoleelevar, men ikkje i lærebøker; blei aktuelt ved valfridom i norske rettskrivingar på 1900-talet.
- sletting:** Utvisking, stryking, fjerning, ein \rightarrow semiotisk prosess som går ut på å la vere å nemne noko som burde eller skulle vore nemnt.
- sosialdarwinisme:** Eldre teori om sosial utvikling som går ut på at samfunnet utviklar seg eller går til grunne i kampen for tilværet og i konkurranse med andre samfunn, i samsvar med Darwins prinsipp om naturleg utveljing.
- språknorm:** Formell eller uformell rettesnor for kva språkbruk (formval, uttrykksmåte osv.) som skal reknast som rett, god eller høveleg innafør ein viss språkbrukssituasjon.

- språknormering:** Det å utarbeide og fastsette ein \rightarrow normal for eit språk eller ein \rightarrow varietet av eit språk.
- språkplanlegging:** Systematisk og planmessig arbeid for å påverke og styre språket, språkbruken og statusen til ulike språk i eit samfunn t.d. ved å fastsetje \rightarrow normer og å autorisere dei.
- språkrøkt:** Tiltak for å gjere eit språk eller ein språkvarietet best mogleg og mest mogleg funksjonsdyktig innanfor eit visst samfunn i ein viss tidbolck.
- standard(skrift)språk/-mål:** Skriftmål som er kodifisert (og autorisert) til nokså homogen form og brukt i allmenn skriftleg kommunikasjon i storsamfunnet.
- standardisering:** Det å fastsette språknormer og utbygge dei til ein struktur som til saman kan fungere som eit \rightarrow standardspråk.
- standardtalemål (normaltalemål):** Felles talemålsvarietet som det er eit mønster for at folk går over til i visse kommunikasjonsfunksjonar og brukar ved sida av sin opphavlege førstedialekt eller i staden for den; ulikt \rightarrow prestisjespråk.
- statsberande språk (bm. statsbærende språk):** Nyare nemning for eit offisielt språk som blir sett på som det grunnleggjande språket i staten, jamvel om andre språk også har (tilnærma) offisiell status.
- strukturalisme:** I lingvistikken ei retning utvikla tidleg på 1900-talet som tar utgangspunkt i at eit språkleg element berre kan forståast ut frå tilhøvet til andre element, og at språk derfor primært må studerast som synkrone strukturar.
- symbolfunksjon:** At eit språk eller ei språkform er blitt tillagt sosiale og/eller kulturelle konnotasjonar/assosiasjonar.
- symbolmakt:** Makta til å kunne påverke skiljet mellom finkultur og populærkultur, eller mellom god og dårleg smak.
- synkron:** Som beskriv språket på eit visst tidspunkt, motsett \rightarrow diakron.
- talespråksnormering:** Å fastsetje meir eller mindre offisielle normer for talespråket i eit samfunn.
- talestandard:** \rightarrow standardtalemål.
- usus:** Etablert og innarbeidd språkbruk.
- utbygd språk:** Språk som er rekna som særprispråk pga. at dei er utvikla kulturelt gjennom dyrking og normering; tysk Ausbausprache.
- Vz-språk:** Språk der det finitte verbet normalt kjem på andre plass i setninga.
- variabel:** Ein språkleg variabel er to eller fleire uttrykksmåtar (= \rightarrow variantar) som har same semantiske innhald (f.eks. *beina*, *beinene*, *bena*, *benene*). Ein sosial variabel er ein sosial kategori med alternative, men kontrasterande eigenskapar, f.eks. kjønn og sosial klasse.
- variant:** Ein verdi (eit alternativ) innom ein \rightarrow variabel.
- varietet (språkleg varietet):** Eitt av fleire fullstendige språkssystem som høyrer saman i ei større eining, t.d. dialekt eller (skriftleg) målform innanfor eit språk; ofte brukt om dialekt eller sosiolekt når omgrepet ikkje skal koplast til geografisk eller sosial variasjon.
- Verners lov (vernersk veksling):** Ei veksling mellom særleg /s/ og /r/ som enno førekom i eldre gno., f.eks. mellom former som *es* og *vas* på eine sida og *váru* og *verit* på den andre sida – av *vera* (eldre *vesa*) ‘vere’. Vekslinga har bakgrunn i at visse lydar blei stemt etter trykklett staving i eldre germansk. Ho har namn etter den danske språkforskaren Karl Verner (1846–1896) som først påviste denne regelmessigheita. Vekslinga blei etter kvart oppheva ved analogi.
- Volksgeist:** \rightarrow folkeånd.

